

# Arendal



*Juli 2007: Eli Roppen Olsen, Ragnhild Hauge, Hermund Ulstein, Olav Botnen og Eivind Moldenes.*

Det er 16 som har flytta til Arendal. På bildet ser vi 5 som stilte opp ved Fiskebrygga denne regnfulle sommardagen. Ingeniør Sam Eyde og forfattar Gabriel Scott kjem frå denne byen. Det grå bygget bak til venstre er Thommassengården som ei stund var Nordens største handelshus.

**Eli Ingrid Roppen Olsen** (1 barn) vaks opp på Flø. Ho jobba ei periode i Oslo, i Finnmark og på landhandelen på Flø før ho tok handelsskule på Eid. Så vart det kombinert jobb i bokhandelen og på Hadar på Hareid. 28 år gamal drog ho i utanriksfart og vart der i 11 år. På siste båten møtte ho Arne. Dei stifta familie og slo seg til i Arendal. No kom 10 år som husmor før ho byrja på hospitalet Katolikken der ho arbeidde til pensjonsalder i 2000.

**Ragnhild Vigdis Hauge** (2 born) tok folkehøgskulen i Ulstein og utdanna seg til damefrisør i Oslo. Ho stifta familie og budde 5 år i Eydehamn før familien flytta til Arendal i 1974. Då byrja ho i det elektriske byrået Ericsson og jobba der til pensjonsalder i 2004.

**Hermund Ulstein** (3 born) utdanna seg til sivilingeniør innan elkraft ved NTH og bedriftsøkonom ved TØH i Trondheim. Reiste så til Vadsø og jobb ved Varanger Kraft i 4 år. Då møtte han kona som var lege på sjukehuset i Kirkenes. Dei flytta til Arendal der Hermund fekk jobb i Markedskraft AS som forvaltar elektrisk kraft over fleire land. Her jobbar Hermund framleis.

**Olav Johan Botnen** (2 born) vaks opp i sentrum av Vik der foreldra dreiv Botnen Manufaktur. Han utdanna seg til sivilingeniør innan elkraft ved NTH i Trondheim. I -87 byrja han å jobbe i SINTEF i avdelinga for energiforskning og særleg med reknemodellar innan kraftforsyning. Olav flytta til Arendal i 1995. Han jobbar i Markedskraft AS med marknadsanalyse og er kollega med Hermund.

**Eivind Moldenes** vaks opp på Gjerde på Hareid. Bestefaren Eliseus kom i 1898 frå Molde og vart lensmann i Hareid/Ulstein. Eivind byrja i marinen i -45 og utdanna seg til signalgast før han tok Radioskulen i Arendal i 46/47. Etter nokre år som telegrafist, m.a. på Polarstar, tok han styrmannsskule og skipperskule i Arendal. Eivind segla i utanriksfart før han i -72 gjekk i land, først i Vancouver og så i London. Etter 12 år i London flytta han til Arendal og jobb som konsulent i Statens Teknologiske Institutt og Aust-Agder Bedriftsrådgiving fram til pensjonsalder.

# Aurland



August 2007: Frå v.: Kristin Emthean Larsen, Mariann Dimmen med borna sine Thomas og Jonette. I bakgrunnen ser vi restauranten/ kafeen Sognaporten der Mariann jobbar og er medeigar.

Vi har berre ein utflyttar til kommunen Aurland på sørsida av Sognefjorden. Det er Mariann Dimmen som hadde besøk av søstera si Kristin då vi var der og tok bildet.

I Aurland kommune finn vi tettstadane Aurland, Flåm, Undredal og Gudvangen. Vi kjenner desse som turistbygder. Den naturfagre Aurlandsdalen og Flåmsdalen, sistnemde med jernbane frå Flåm til Myrdal. Den vakre Nærøyfjorden som saman med Geiranger i 2004 kom med på UNESCO si verdsarvliste, må også nemnast.

Den eldre generasjonen kjenner også dei karakteristiske Aurlandskorne som no er vanskeleg å få tak i. Av kjende personar må vi nemne Per Sivle som var fødd i Aurland for akkurat 150 år sidan.

**Mariann Dimmen** (2 born) vaks opp i Holsekerdalen. Etter grunnkurs helse- og sosialfag i Herøy utdanna Mariann seg i Volda til hjelpepleiar. Ho jobba eit år i Ulstein og eit år på Hareid. I 1999 såg ho at det var ledig stilling i Aurland, fekk jobben og reiste dit. Mariann jobba i heimesjukepleien fram til 2005. Etter det har ho jobba i familiebedrifta Sognaporten som mannen og svigerfaren eig. Denne kafeen/restauranten ligg lagleg til i krysset mellom tre hovudfartsvegar. Det er vegen frå Bergen gjennom Gudvangen og Flåm, vegen frå Oslo gjennom Gol/Lærdal og vegen frå Hol/Geilo. Mariann held Vikebladet og er godt orientert om det som hender i heimbygda.

**Kristin Emthean Larsen** er og utflyttar, men no busett i Oslo. Sidan ho var på besøk med søstra då vi prata med Mariann, var det naturleg at ho vart med på bildet. Ho gjekk vidaregåande i Volda og Ulstein. Ho tok folkehøgskule i Mosjøen på teaterlinja. Reiste så til Trondheim og las økonomi ved NTNU og TØH. Tok siviløkonomutdanning i Bodø i 2002. Reiste til Oslo der ho jobba 4 år som revisor i Riksrevisjonen. Jobbar no i konsulentfirmaet FABI. Sidan det var tre som heitte Kristin Dimmen, utvida ho fornamnet sitt med Emthean. Seinare endra ho etternamn frå Dimmen til Larsen.

# Bergen (H)



*Oktober 2006. Frå v: Roar Hansen, Annbjørg Hareide, Kåre Snipsøyr, Bodil Andersen, Kjartan Kaldhol, Severin Overå og Eva Riise.*

Av dei 115 frå Hareid som har flytta til Bergen, har vi samla 7 til ein prat ved Vågen, og heile 5 av desse held Vikebladet.

**Roar Inge Hansen** (3 born) vaks opp i Brandal. Etter gymnas fekk han seg jobb på Vervarslinga på Vestlandet i Bergen. Han heldt på arbeidsplassen medan han tok hovudfag i meteorologi og jobbar no på Storm Weather Center. Kan fortelje oss at det regnar litt meir i Brandal enn i Bergen, respektivt 2440 og 2250 mm siste året.

**Annbjørg Hareide** (3 born) tok handelsskule i Oslo. Flytta til Bergen då ho gifta seg med Stig. Etter ei periode på Hareid der ho m.a. jobba i Vestposten, las ho norsk og engelsk i Volda før ho reiste tilbake til Bergen i -98. Ho har no alle borna i Bergen.

**Kåre Snipsøyr** (2 born) jobba ei stund innan helsesektoren før han tok psykiatriutdanning på Gaustad. Har jobba mest innan barne- og ungdomspsykiatri. Kom til Bergen og Haukeland sjukehus i -71 der han er i dag.

**Bodil Røyset Andersen** (3 born) utdanna seg til sjukepleiar i Bergen og har sidan jobba på Haukeland. Møtte mannen sin frå Danmark i den norske fjellheimen. Synest Bergen er ein flott by å bu i med fin natur og gode tur- og kulturtilbod.

**Kjartan Kaldhol** (1 barn) tok utdanning på universitetet innan engelsk, historie og tysk. Universitetet vart også arbeidsplassen hans i ettertid. Positiv til Bergen og føler seg heime her. Synest det i dag er godt miljø med nær kontakt mellom by og omland.

**Severin Overå** (5 born) las først økonomi i Bergen. Etter eit par år med undervisning i Førde, vart han leiar for FN-sambandet på Vestlandet. Det medførde reising over store delar av verda til han gjekk av i -85. Sevrin er mindre på Hareid no etter at broren Julius døde.

**Eva Riise** (2 born) hadde søsken i Bergen og reiste tidleg dit. Tok sosialhøgskulen og jobbar i kommunen innan psykisk helse. Synest Bergen er ein fantastisk by å bu i. Har hytte på Hareid og held godt kontakt med heimstaden.

## Bergen (U)



Oktober 2006. Frå v: Dagrun Svendsen, Olav Dragesund, Britt Garnes, Oddmund Moldskred, Kristin Hjellum, Berit Riise, Aud og Magnar Ulstein.

Av dei 131 frå Ulstein som har flytta til Bergen, har vi samla 9 til ein prat ved Vågen. Av desse er det 4 som held Vikebladet.

**Dagrun Svendsen** (3 born) reiste tidleg til Oslo og tok gymnas. Utdanna seg til førskulelærer i Trondheim då ho kom dit pga mannen sin jobb. Etter nokre år i Skien vart ho med mannen i -92 til Bergen. Dagrun jobbar no som styrar i ein barnehage.

**Olav Dragesund** (4 born) reiste til Oslo og tok hovudfag i marinbiologi. Etter 20 år på Havforskningsinstituttet enda han som professor på univ. i Bergen. Spesialområdet hans har vore regulering av fiskebestandar. Hobby er turgåing og slektsgransking.

**Britt Garnes** (2 born) tok lærarutdanning i Levanger og Trondheim. Då mannen fekk jobb i Bergen, vart dette den nye heimstaden. Etter lærarjobb nokre stader, er arbeidsplassen no i Åsane. Ho trivst godt i Bergen og er heime kvar sommar.

**Oddmund Moldskred** (5 born) starta karrieren sin som dreng, men fann fort ut at han ville bli elektrikar. Reiste til Bergen i -39 og tok "teknikken" i -46. Der starta Oddmund eige firma som no er innlemma i NEBB. Han er ivrig slektsgranskar og har skrive fleire bøker.

**Kristin Sæter Hjellum** (3 born) kom til Ulstein som 11-åring då faren vart apotekar i Vik. Ho reiste til Bergen og tok sjukepleiarutdanning og jobbar no med rehabilitering på Haukeland. Kristin held god kontakt med foreldra i Ulsteinvik og lengtar stundom heim.

**Berit Rotnes Riise** (3 born) møtte mannen sin Arne då dei begge gjekk på skule i Ålesund. Ho vart med han til Bergen då han starta på Handelshøgskulen. Har jobba i ulike bransjar, men lengste tida som advokatsekretær. Har hytte på Fjelle og er ofte heime.

**Aud Bjørndal Ulstein og Magnar Ulstein** (3 born) vurderer no å flytte tilbake til Ulstein. Aud kom tidleg til Bergen og gjekk husflidskule. Siste 20 åra har ho jobba på rehabiliteringsavdelinga på Haukeland sjukehus. Magnar er utdanna lege og har vore tilsett ved sjukehus i Noreg, Sverige, USA og Nepal. Sidan -75 professor og overlege ved kvinneklinikken, universitetet i Bergen.

# Brattvåg



Juni 2006, frå v: Bjarne Grimstad, Kjell Frøysa, Betty Solmunde, Bodil Grimstad, Ingeborg Dalhaug og Anne Molt.

Vi er samla framfor den vakre kyrkja i Brattvåg, teikna av Axel Fronth og ferdig i 1977. Til v. ser vi statua av kona med "kjensler" under den eine arma og eit barn på den andre. (Dei gjekk med ein bunte kjensler for fiskeliner og laga knute i eine enden). Elles er bautaeen merka 1911 - 1996. Brattvåg vart grunnlagd 11.11.1911. Før var der berre utmark utan vegtilkomst.

**Bjarne Grimstad** (3 born) vaks opp på Grimstad. Før han som 28-åring starta på lærarskule i Trondheim, jobba han med snikring, maskin og traktor. Han kom til Brattvåg og jobba i skulen, sist som rektor på Helland barneskule. Er godt orientert om heimbygda og held Vikebladet.

**Kjell Frøysa** (3 born) utdanna seg til lærar og flytte til Hildrestranda då han fekk jobb på Hurla skule i -53. Møtte kona si der og har budd i Haram heile tida bortsett frå tre år. Bur no i Brattvåg.

**Betty Solmunde** (3 born) vaks opp i Brandal og er kalla opp etter mormora Betty Håbakk. Faren kom frå Færøyane. Betty møtte mannen sin i Brattvåg og utdanna seg som hjelpepleiar i vaksen alder.

**Bodil Ulstein Grimstad**, gift med Bjarne, vaks opp på gard mellom kyrkja og folkehøgskulen i Ulsteinvik. Har vore innom både apotek og husmorskule før ho utdanna seg til førskulelærar i Trondheim. Jobbar no som diakon etter ei tid innan PPT og arbeid med funksjonshemma born.

**Ingeborg Hasund Dalhaug** (4 born) vaks opp på Ulstein saman med 8 søsken. Kom til Brattvåg for å jobbe på samvirkelaget. Tok butikkskule og vart i bygda etter å ha møtt mannen sin. Husmorarbeid og heimhjelp har vore hovudjobb etter det.

**Anne Brandal Molt** (3 born) vaks opp i Brandal. Etter husmorskulen utdanna ho seg til sjukepleiar i Oslo. Reiste til Brattvåg då ho gifta seg med mannen sin som var elektrikar der. Arbeidde på legekantoret til ho byrja på sjukeheimen i -74.

# Bryne



Mai 2007. Frå v.: Per Arne Holstad, Magnhild Yndesdal, Solveig Sæter, Gerd Aarrestad, Anne-Merete Håland og Torunn Sundgot.

Det er 8 personar som har flytta til Bryne. Vi møtte 6 av dei i regnvêr på torget i sentrum. Statua av Arne Garborg var naturleg å ha med i bakgrunnen. Gerd kunne fortelje at ho såg Knudaheio frå garden sin.

**Per Arne Holstad** (1 barn) utdanna seg til revisor i Molde og i Bø i Telemark. Der møtte han Irene og dei flytta til Sandnes. Dei opplevde Oslo i 4 år før dei i 2001 flytta tilbake til Sandnes og Per Arne byrja i Visma Rekneskapsbyrå på Forus. Har same jobb etter at han i 2006 nokså tilfeldig flytta til Bryne.

**Magnhild Alme Yndesdal** (2 born) vaks opp på Alme. Etter folkehøgskule i Ulsteinvik jobba ho 6 år på kafe i Ålesund. I denne tida tok ho husmorskule på Sjøholt. Ho gifte seg med ein sogning og budde 5 år i Hafslo. Mannen vart sekretær i Rogaland indremisjon og dei flytta til Bryne i 1967. Magnhild har jobba i bodavdelinga i postverket.

**Solveig Sæter Konstali** gjekk lærarskulen på Landås etter v.g. skule i Ålesund med musikk som spesialisering. Sidan hausten 2006 har ho jobba på Ålgård. Ho møtte mannen sin då ho jobba eitt år på Gjøvik.

**Gerd Vikebakk Aarrestad** (6 born) gjekk lærarskule i Volda og søkte seg jobb på Nærland i Hå kommune. Broren Odd Arne budde då på Vigrestad. Fram til -93 jobba ho på ulike barneskular og mest med elevar som kravde spes. ped. Etter det har ho vore husmor på heiltid. Familien har stor gard med m.a. 7500 frittgåande høns og ca 70 mjølkekyr.

**Anne-Merete Hauge Håland** (3 born) var sporty nok til å stille opp med 12 dagar gamle Mina Helene. Anne-Merete vaks opp rett ovanfor barneskulen i Vik. Etter 1 år som au pair i England tok ho sjukepleieutdanning i Stavanger. Der møtte ho mannen sin. Dei flytta til Bryne i 2000 og Anne-Merete jobbar no på sjukeheimen der.

**Torunn Olaug Sundgot** (2 born) jobba eit år som lærar på Hareid før ho tok lærarskule i Volda. Etter 5 år i Måndalen tok ho spes. ped. i Oslo. Ho fekk jobb som logoped på Sandnes i -88 og var der i 5 år. No jobbar Torunn på sjukehuset i Stavanger innan logopedi.

# Bærum



Mai 2007, frå v: Øyvind Osnes, Kjersti Gjerde, Eli Saunes, Gerda Bjåstad, Tove Rise og Stig Ottesen.

90 personar har flytta til Bærum. Vi har samla 6 av dei på Høvikodden. I bakgrunnen til venstre ser vi "Solskulptur" av Arnold Haukeland frå 1970, som var ei gåve frå Niels Onstad.

**Øyvind Osnes** (2 born) utdanna seg til siviløkonom i Molde og Bergen. Jobba i Oslo, Ålesund og fire år i Ulsteingruppa før turen gjekk tilbake til Oslo og bankjobb fram til -97. Han byrja då i PGS (Petroleum Geo-Services) der han er framleis.

**Kjersti Gjerde** (2 born) arbeidde første åra som syerske på Hadar, Furnes og Ekornes. Var 5 år på Hareid Samvirkeleg for ho i -79 drog til Oslo og fekk jobb i ei klesforretning. Etter 10 år som husmor på heiltid, byrja ho i -94 i Asker og Bærum politidistrikt som reinhaldsleiar.

**Eli Hernes Saunes** (2 born) budde i Brandal til ho var 8 år. Då flytta familien til Indre-Hareid. Ho utdanna seg til frisør. Bygde hus på Saunes, men etter berre 3 år flytta ho med mannen til Høvik. Jobba fram til -89 på Henie Onstad Eldresenter. Eli held Vikebladet og er godt orientert om heimbygda. Miste sonen i trafikkulukke i -87. Etter det har ho brukt mykje av tida til reise.

**Gerda Bjåstad** (3 born) utdanna seg til fysioterapeut i Oslo og jobba der i 7 år. Etter ei periode som husmor på heiltid, jobba ho på Hovseter sjukeheim i 20 år før pensjon i -99. Held Vikebladet og er godt orientert om heimbygda. Gerda byrja med mosjonsløp i ein alder av 53 år. Det vart hennar store lidenskap og ho vann VM i maraton for veteranar i Australia i år 2001.

**Tove Rise** (2 born) utdanna seg til førskulelærer i Bergen. Seinare tok ho også spes. ped. Har jobba m.a. i Namsos, på Toten, på Emma Hjorth Skole og i dag på Haug Skole og Ressurssenter der ho underviser psykisk utviklingshemma elevar. Tove kom til Bærum i -82. Ho er godt orientert om det som hender i heimbygda.

**Stig Ottesen** (3 born) flytta frå Ulstein som 2-åring. Då flytta familien til Trondheim. Han vart der til han var 19 år. Utdanna seg til lege i Tyskland og spesialiserte seg anestesilege i Tromsø. Stig har seinare arbeid på Rikshospitalet, Bærum sykehus og Ullevål sykehus der han er i dag.